

ÅRSMELDING

frå

STYRET

2011

ÅRSMELDING FOR 2011

Utsyn over 2011

Fjoråret var eit sjeldan henderikt år med mange små og store endringar som overraska. Ute i den store verda fekk vi starten på den arabiske våren dei første vekene i det nye året. Her vart etablerte regime styrta, eitt etter eitt. Seinare kom det tragiske jordskjelvet i Japan med resulterande tsunami og atomulykke. Våren var også prega av fornøy uro knytt til europeiske lands kreditverdigheit, ei uro som toppa seg i vekene før jul - og som held fram den dag i dag.

Nokre tilhøve som ligg utanfor vår kontroll kan nemnast som lyspunkt. Den økonomiske voksteren i fattige framveksande land, med Kina i spissen, var uventa sterk. Krigen i Irak er over og det var ingen europeiske land eller større europeiske bankar som gjekk over ende i 2011. Noreg gjorde eit nytt kjempefunn av olje og gass i Nordsjøen. Oljeprisane steig gjennom året - ganske så uventa.

2011 var eit normalår for norsk økonomi. Voksteren i kjøpekrafta til folk flest var god fordi vi nok ein gong bevilga oss normal lønnsauke samtidig som prisauken blei uventa svak. Litt overraskande var voksteren i privat konsum moderat gjennom heile fjoråret fordi folk sette til side ein vesentleg større del av inntektene sine til sparing enn dei gjorde året før. Ei sparefornuft kom tilsynelatande på mote. Spareraten auka trass i at nordmenn blei klart rikare gjennom fjoråret.

Hushaldningane som åtte sin eigen bustad ved inngangen til året, kunne også glede seg over ein uventa sterk prisvekst på det som er deira viktigaste formuesobjekt. Byggemarknadene startet året friskt, men skal ein tru dei siste igangsetjingstala, var det ei klar utflating mot slutten av fjoråret. Oljeinvesteringane steig på den andre sida til nye rekordar godt hjelpt av stigande oljeprisar. Ved utgangen på året var oljenæringerne prega av uvanleg stor optimisme, ikke minst takka vere nye, norske funn.

Arbeidsmarknaden viste ei gradvis betring gjennom året. Sysselsetjinga i offentleg sektor heldt seg sterkt på same måten som året før, men gledeleg nok steig også den private sysselsetjinga. Tilgangen på arbeidskraft var også god, og ledigheita heldt seg nokonlunde stabil.

Noregs Bank var på tå hev det meste av fjoråret og lova nordmenn ein serie rentehevingar etter at dei sette opp signalrenta si på forsommaren. Ura ute og den over nemde sparefornufta hos nordmenn flest gjorde likevel at vidare renteauker ikkje vart påkravde, før Noregs Bank blei tvungen til å kutte rentene med så mykje som eit halvt prosentpoeng ved det siste rentemøtet i året. Kredittvoksteren var moderat gjennom året.

For Oslo Børs blei dessverre fjaråret ein nedtur, trass i lågare renter og stigande oljepris. Fjarårets vart på den måten eit vonbrot, men vi kan slå fast at børsen sjeldan har vore så attraktivt prist som han var ved utgangen av 2011.

Lokale tilhøve

2011 har vore eit relativt roleg år for store delar av Tysnes. I Brønnøysundregisteret er det registrert 19 nyregistreringar i 2011 og 18 slettingar av firma på Tysnes.

Folketalet i Tysnes kommune pr. 3. kvartal 2011 var 2.764. På Tysnes er det låg arbeidsløyse, pr. desember 2011 var 1,7 prosent av arbeidsstokken utan arbeid. Oppdrettsnæringa står for ein ganske stor del av verdiskapinga i kommunen, og treng arbeidskraft.

Det unike med innbyggjarane på Tysnes er alt det positive arbeidet som blir gjort i ulike lag og organisasjonar. Om lag 60 lag og organisasjonar søker kvart år om gåver frå banken. Dei syner eit engasjement, ei bredde og tru på framtida som går gjennom generasjonar. Store løft blei gjort også i 2011 for at Tysnes skal vere ein god stad å bu og kome til. Særleg vil vi nemne det gode arbeidet som har vore lagt ned gjennom TysnesFest, i idrettslaga, i lokale kulturtiltak, i kor og musikklag, i sogelaget og i kyrkjelydene.

Sjølv om det i 2011 ikkje kom mange synlege resultat av innsatsane for å skape vekst på Tysnes, vart det jobba vidare med planar kommunalt og regionalt. Både det offentlege og private lag og organisasjonar jobbar på sine område for å skape vekst. Bygging av kunstgrasbane er eit felles løft som syner at det nyttar å jobbe saman. Kommunen sitt sal av Ensy-bygget og industriområdet rundt er ei konkret hending som vi vonar skal skape ny aktivitet og næringsutvikling på Tysnes i åra som kjem.

Det er unikt at ein liten kommune som Tysnes har ein eigen sparebank. Dei store norske bankane har dei siste åra auka sitt fokus mot privatmarknaden, og konkurransen mellom sparebankane auka i omfang. Trass konkurransen har vi som ein liten solid lokalbank hatt vekst i 2011 og nærmar oss kr. 1.000.000.000,- i forvaltningskapital. Vi trur dette skuldast at kundane våre set pris på at vi gjer bank enkelt i kvardagen – vi ordnar raskt det kundane våre treng, og vi er ein lokal bank som er til for heile lokalsamfunnet Tysnes.

La oss håpe og tru at felles innsats også i 2011 vil utgjere ein skilnad og skape vekst på Tysnes.

BANKEN SI VERKSEMD

Tysnes Sparebank vart skipa i 1863, og hadde såleis sitt 149. rekneskapsår i 2011. I alle desse åra er det primærnæringane og personmarknaden som har vore størstedelen av kundemassen til banken. Etter kvart som tidene har endra seg, har talet på personar som jobbar i primærnæringane minka. Banken har difor etter som åra har gått fått mange kundar også innan andre næringsgreiner. Det er òg slik at tysnesingane som slår seg ned andre stader, vel å behalde Tysnes Sparebank som sin bank. Dette er ikkje noko problem, sidan dei no kan nyte nettbank, bankkort og mobilbank i tillegg til å nå oss på telefon. Tysnes Sparebank har difor mange kundar som ikkje bur på Tysnes.

I Tysnes Sparebank har det vore god aktivitet i 2011. Det har vore vekst i kapitalen som banken forvaltar og vekst i utlån. Veksten i forvaltningskapitalen kjem i hovudsak frå auka innlån og frå banken sitt overskot på drifta. Ved å ha eit godt overskot på drifta kan eigenkapitalen aukast, og på den måten er banken i stand til å gje større lån og garantiar.

Banken har merka finanskrisa på fleire måtar. Det er dyrare å låne pengar i marknaden, og marginane går ned. Rammevilkåra er endra og krav til soliditet, press på kostnadene, og nye krav til kompetanse gjev tøffare kvardag i banknæringa, spesielt for småbankar.

Banken har satsa på vidareutvikling av den gode kompetansen til dei tilsette for å sikre gode bank- og forsikringstenester lokalt på Tysnes også i framtida.

Tysnes Sparebank støttar mange lokale frivillige lag og organisasjonar, via gaveutdelinga, sponsoravtalar og annonsestøtte. I 2011 vart det utbetalt ca. kr. 590.000,- til slike formål. Dette gjer vi fordi det vert lagt ned mykje godt dugnadsarbeid i dei forskjellige laga. Dette aukar trivselen i lokalmiljøet og er ein viktig del av den lokale kulturen. I slike lag er økonomien ofte eit problem som krev stor innsats frå medlemene. Banken ønskjer å gje eit bidrag for å vise at vi set pris på den viktige jobben som vert gjort, og at vi tek ansvar som ein lokal aktør i Tysnessamfunnet.

Tysnes Sparebank er saman med blant anna 78 andre sjølvstendige sparebankar rundt om i landet medeigar i Terra-Gruppen AS. Gjennom dette samarbeidet har banken tilgang til dei same produkta som storbankane kan tilby. Utan dette samarbeidet kunne små bankar hatt problem. Banken får òg stordriftsfordelar på blant anna innkjøp og dataløysingar, i tillegg til fellesløysingar innan mange ulike felt.

BANKEN SIN REKNESKAP

I samsvar med krava i rekneskapslova stadfester styret at rekneskapen er sett opp i samsvar med gjeldande reglar og under føresetnad av at banken skal halda fram med drifta, og at desse føresetnadene er til stades. Årsoppgjeret gjev eit rettvist bilet av banken sine eigneluter og gjeld, finansielle stilling og resultat.

I samband med framlegginga av rekneskapen for 2011 stadfester styret også at det ikkje kjenner til tilhøve som er viktige for å vurdere banken si stilling og resultat av verksemda, som ikkje går fram av resultatrekneskap og balanse. Det er heller ikkje kome til endringar etter at rekneskapen vart avslutta som har vesentleg betydning for vurderinga av årsoppgjeret.

Banken har i året ikkje drive noka form for forsknings- og utviklingsaktivitetar.

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen i banken var ved utgangen av 2011 komen opp i kr. 975.860,552,-. Dette er ein auke på kr. 45.555.832,- frå utgangen av året før. Auken utgjer 4,90%.

Innskotsutviklinga

Innskot frå kundar har gjennom siste året auka med kr. 49.761.738,- , og samla innskot var ved utgangen av 2011 på kr.788.845.206,-. Dette er ein auke på 6,73%.

Tysnes Sparebank er med i Bankenes Sikringsfond si garantiordning.

Innskotsdekninga, det vil seie innskot frå kundar i prosent av brutto utlån, svingar naturleg nok ein del gjennom året. Siste året har dette talet vore mellom 86% og 93%. Mange bankar ligg til dels på eit langt lågare innskotsdekningsnivå.

Banken er førebudd på ein situasjon med mindre auke i innskot frå kundar enn utlån, og vi har difor teke inn innskot frå andre kreditteinstitusjonar, samt at vi har avtale om å kunne få inn meir likviditet dersom det er trong for det.

Utlån

Det har vore låg utlånsauke gjennom det siste året når vi ser isolert på utlån på eigen balanse. Brutto utlån auka med kr. 14.803.773,- til kr. 850.384.363,-. Auken tilsvarer 1,77%. Dette vil då seie at banken har hatt større innskotsauke enn utlånsauke siste året. Banken har i tillegg til utlån på eigen balanse gjeve lån til kundane sine gjennom Terra Boligkreditt AS (TBK). Banken har i 2011 lånt ut kr. 41.843.647,- gjennom TBK. Samla utlånsvekst har derfor vore kr. 56.640.243,-, ein vekst på 6,54%. Samla utlånsvekst i 2010 var 10,66%.

Dersom ein ser på korleis fordelinga av utlåna på eigen balanse er på dei forskjellige låntakarsektorar, utgjer lån til personmarknaden ca. 84% av den totale utlånsmassen, og lån til næringslivet ca. 16%. For den vidare fordeling av utlån og garantiar vert det synt til note 2.a. Utlån gjennom TBK er 100% til personmarknaden.

Ser vi på den geografiske fordelinga av utlåna rekna etter bustadadresse, er ca. 61 % av lønemassen heimehøyrande i Tysnes kommune. For resten av lønemassen er dei fleste låna gjevne ut i Hordaland fylke.

Banken følgjer nøyne med i misleghaldne og tapsutsette engasjement, og misleghaldet er lågt. Det vert føreteke ein kvartalvis tapsvurdering av alle engasjement , og ein gjennomgang av både individuelle og gruppevis nedskrivingar. Liste over dette vert lagt fram for styret.

Tap på utlån er i 2011 utgiftsført med kr 2.200.701,- mot kr. 561.165,- i 2010. For ein nærmare spesifikasjon av tapsføringane vert det vist til note 2 i årsrekneskapen.

Styret vurderer risikoen i utlånsporteføljen til framleis å vere heller liten. Det er ikkje gjort nokre endringar i risikoprofilen i året som er gått. I ein bank vil det alltid vere ein viss risiko for tap på utlån. Det er bokført større tap i samband med eit næringslivsengasjement i 2011. Banken har sett av store buffer til tap, og det er ikkje bokført tap av ein slik storleik at det kan svekkje banken sin tryggleik.

Garantiar

Banken har innvilga garantiar overfor kundar med totalt kr. 21.402.127,- pr. 31. desember 2011. Året før var denne summen på kr. 17.439.326,- . For å sjå korleis garantiane er fordelte på dei ymse garantiformene, sektor, næring og geografisk, vert det synt til note 2.a og b.

Det er ikkje bokført tap på banken sitt garantiansvar i 2011. Heller ikkje reknar me med at det skal vere fare for tap på nokon av garantiane som er innvilga.

Verdipapir

Tysnes Sparebank driv ikkje med kjøp og sal av eiga behaldning av aksjar, eigenkapitalbevis eller ihendehavarobligasjonar. Alle banken sine papir av denne typen er bokførte som anleggsmidlar. Ved utgangen av året var behaldninga av ihendehavarobligasjonar bokført med kr. 30.683.600,-. Dette er ein nedgang på kr. 5.624.300,- frå året før.

Når det gjeld marknadsverdien av ihendehavarobligasjonane, syner vi til note 3.b., der det også går fram kva type obligasjonar banken eig.

Banken har også plasseringar i aksjar, eigenkapitalbevis og andre verdipapir med variabel avkastning, med til saman kr. 7.759.774,- som er ein auke på kr. 834.196,- frå året før. For å sjå kva aksjar, grunnfondsbevis og liknande banken eig, og kva desse er bokførte med i høve til marknadsverdi, viser vi til note 4.b.

Med verknad frå 1. november 2007 tok ny verdipapirlovgivning (MiFID) til å gjelde. Alle bankar som tilbyr investeringstenester må etter det nye regelverket ha konsesjon for slike tenester. For Tysnes Sparebank sin del er det heilt minimalt med spørsmål etter denne typen tenester. Styret har difor gjort vedtak om at banken ikkje søker slik konsesjon. Vi legg difor til rette for at kundane våre kan handle verdipapir via internett, eller vi formidlar kontakt direkte til ein tilknyttet meklar.

For å sikre god kvalitet på dei råd som vert gjevne frå bankane til kundar, har banknæringa lansert ei ny autorisasjonsordning som skal sikre god rådgjeving innan finans. Del som står bak ordninga, er Sparebankforeningen i Norge, Finansforbundet, Finansnæringens Hovedorganisasjon og Verdipapirfondenes Forening. Ordninga blei lansert i 2009, og banken har i 2011 utdanna 4 finansielle rådgjevarar i tråd med denne ordninga. Dei skal gje våre kundar ei tilpassa hjelp ut frå kunden sine ønskje og behov.

Eigenkapitalen

Forskriftene for minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjonar fastset at sparebankar skal ha ei kapitaldekning på minimum 8% av eit nærmare fastsett beregningsgrunnlag. I dette beregningsgrunnlaget går dei ymse eigenlupostar inn med ulik vekt, alt etter kor høg risiko som hefter ved dei. Ved utgangen av 2011 var vårt beregningsgrunnlag på kr. 538.184.000,-.

Ansvarleg kapital er sett saman av kjernekapital og tilleggskapital. Tysnes Sparebank sin teljande ansvarlege kapital er på kr. 86.258.000,-. Banken har ikkje tilleggskapital. Kapitaldekningsprosenten vert då 16,03%. Dette er litt lågare enn nivået året før, då kapitaldekningsprosenten var på 16,24%. Som nemnt er minstekravet på 8%, så vi ligg godt over kravet.

Det har i fleire år vore arbeidd med innføring av eit nytt kapitaldekningsregelverk for banknæringa - det såkalla Basel II direktivet. Tysnes Sparebank har rapportert inn tal etter det nye direktivet sidan 2008 til Finanstilsynet. Banken vil jobbe kontinuerleg med å oppdatere og vidareutvikle sine analysar og risiko- og styringssystem, og rapporten vil bli behandla årleg av styret og i tillegg ved behov.

Som ein del av dei nye kapitaldekningsreglane vert det berekna detaljerte verdiar på ulike typar risiko. Minstekravet til lovpålagt kapitaldekning er som sagt 8%. I tillegg vert det i banken teke høgd for ytterlegare risiko og kapitalbehov (ICAAP-berekningar). I Tysnes Sparebank har styret berekna dette tillegget til 6% for å vere heilt sikre. Det vil seie at banken samla har eit sjølvpålagt og lovpålagt krav om til saman 14% kapitaldekning. Faktisk kapitaldekning pr. 31.12.2011 er berekna til 16,03%, dvs. over dobbelt så høgt som det lovpålagte minstekravet på 8%.

Frå 2009 vart Pilar III innført med krav om informasjon til kundar og investorar. Pilar III dokumentet gjev informasjon om banken sin risiko og kapitalstyring. Rapporten syner banken si kapitaldekning og vurdering av kapitalbehov. I samband med årsrekneskapen og gjennomgang av ICAAP-berekningane i 2011 vart Pilar III -informasjon lagt ut på banken si heimeside i tråd med regelverket.

Eit anna mål som er minst like viktig for å vurdere banken sin soliditet, er eigenkapitalprosenten. Denne var 31. desember 2011 på 9,14%, mot 9,13% året før.

Resultatrekneskapen

Tysnes Sparebank har i 2011 hatt renteinntekter og liknande inntekter på til saman kr. 40.633.894,-. Av dette er renter og liknande inntekter av utlån til og krav på kundar kr. 38.401.600,-.

Renter på innskot frå kundar er i 2011 betalt med kr. 16.846.484,-.

Netto rente- og kreditprovizjonsinntekter er for 2011 kr.20.725.642,-. Dersom vi reknar på kor mykje dette er i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital, er talet 2,18%, mot 2,30% i året før.

Netto provizjonsinntekter for banken var i 2011 på kr. 3.591.309,- mot kr. 2.836.814,- året før.

Banken sine totale driftskostnader var på kr. 16.354.447,- i 2011, og dette utgjer 1,72% av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,69% året før. Auken skuldast blant anna at det i 2010 vart tilbakebetalt meirverdiavgift på 0,500 mill frå Terra i samband med datatenester og effekt av nye AFP-reglar på 2,190 mill. I 2009 utgjorde driftskostnaden 2,1% av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Når det gjeld bokføring av tapsutsette engasjement, har Finanstilsynet nokså strenge reglar for korleis dette skal gjerast. Desse reglane har banken fylgt, og har på grunnlag av dei bokført tap med kr. 2.200.701,-. I note 2.d. er spesifisert korleis ein er komen fram til talet for bokført tap.

Tysnes Sparebank har i mange år vore mellom dei største skatteytarane i Tysnes kommune. Det reknar me også med å verte for inntektsåret 2011. Skattekostnaden for 2011 er utrekna til å verta kr. 1.966.207,-. For å sjå korleis ein er komen fram til denne summen, vert det synt til note 9.a.

Overskot til disposisjon er på kr. 4.467.647,-

Styret gjer framlegg om at dette vert disponert slik:

Kr. 4.270.000,- vert overført til sparebanken sitt fond

Kr. 197.647,- vert delt ut som gåver til ålmennyttige føremål.

BANKEN SI RISIKOSTYRING

Risikoprofil

Det er fleire typar risikoar knytt til bankdrift. Tysnes Sparebank er ein heller liten finansinstitusjon, og det er difor eit overordna mål for styret at banken sin kredittpolicy inneheld ein forsvarleg risiko. Det er difor utarbeidd eit eige regelverk for å avgrense og styre den finansielle risikoen. I samband med innføringa av Basel II er det gjennomført ein gjennomgang av risikostyringa, og det er laga til informasjon i tråd med Pilar III som er tilgjengeleg på heimesida til banken. Pilar III-dokumentet gjev informasjon om banken sin risiko- og kapitalstyring. Rapporten syner banken si kapitaldekning og vurdering av kapitalbehov.

Kreditrisiko

Kreditrisiko er risikoen for at kunden ikkje er i stand til å gjere opp for seg. Denne typen risiko er i det vesentlege knytt til banken sin utlåns- og garantiportefølje, men også til banken sine plasseringar i verdipapir. Plasseringane i verdipapir er for det meste i obligasjoner utstedt av det offentlege, så her er kreditrisikoen minimal.

Tap på utlån kan ha si årsak i kundane si betalingsevne, og til endringar i panteverdiar som vert påverka av rentenivå, eigedomsprisar og sysselsetjing. Når eit lån vert innvilga, vert det teke omsyn til alt dette. Alle nye lån som vert innvilga etter fullmakt, vert referert til styret kvar månad.

Utlån til næringslivet medfører større kreditrisiko. Av den grunn vil ikkje banken engasjere seg i næringslivet utanom Tysnes kommune.

Når det gjeld banken sitt risikoklassiferingssystem, vert det vist til note 2.f.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje har nok likvidar til å møte skuldnadene sine etter kvart som dei forfell. Dette er i hovudsak tilhøvet mellom langsiktige utlån og kortsiktige innskot.

I Tysnes Sparebank er det laga interne retningsliner for likviditetsstyring. Finanstilsynet har laga ein modul for utrekning av likviditetsrisiko, og etter denne ligg Tysnes Sparebank med låg risiko. I tillegg har banken sett opp strengare interne krav som utløyser aktivitet viss verdiane vert for låge. Det har ikkje vore naudsynt å gjennomføre store tiltak i 2011.

For å redusere likviditetsrisikoen har banken inngått avtale om kommiterte trekkrettigheter med to større bankar. Dessuten har me teke innlån frå Kreditforeningen for Sparebanker. Dette i tillegg til at innskota er fordelte på mange kundar, gjer at styret vurderer likviditetsrisikoen for å vere liten.

Overskotslikviditet og bufferkapital er plasserte på konto i Noregs Bank og i to større bankar.

Rente- og marknadsrisiko

Renterisiko er risikoen for at endringar i rentenivået kan påverke lønsemnda i negativ lei.

Banken har for tida korkje fastrentelån eller fastrenteinnskot. Tidspunktet for renteregulering av utlån og innskot kan difor styrast av banken etter vurdering av marknaden, og i samsvar med Finansavtalelova, for alle innskot og utlån. Etter styret si vurdering er renterisikoen såleis liten.

Renterisikoen på verdipapir er knytt til obligasjonsbeholdninga. Alle obligasjonane som banken har, er bokførde som anleggsmiddel. Dessutan er ein relativt liten del av eignelutane plassert i ihendehavarobligasjonar. Ein generell renteauke på 1%-poeng vil gje ein renterisiko på ca. kr. 720.000,- på obligasjonsbeholdninga. Styret har fastsett reglar for handel med verdipapir.

Det er ein viss marknadsrisiko i banken si plassering i aksjar og grunnfondsbevis, ved fall i kursane, og ved at nokre mindre aksjeplasseringar er i lokale selskap. Men det er svært låge summar som er plasserte i denne typen aktiva.

Valutarisiko

Banken har aksjepostar på samla 1,198 mill i utanlandsk valuta. Banken handlar ikkje med valuta ut over kjøp og sal av reisevaluta til kundane våre. Valutarisikoen er difor minimal.

Driftsrisiko/operasjonell risiko

Dette er risiko knytt til den løpende drifta av banken. Risikoen vert avdekt gjennom intern kontroll, hendingsrapportering, systemrapportar for kvitvasking, revisjonshandlingar og kompetanseheving. Operasjonell risiko vert blant anna rapportert til styret gjennom kvartalsvise risikorapportar. Risikoen vert vurdert som godt akseptabel.

Banken har gjort seg svært avhengig av moderne teknologi, særleg IT-løysingar. I samarbeid med eksterne leverandørar er det lagt ned eit omfattande arbeid for å sikre stabilitet og tryggleik i desse løysingane, og i å hindre at uvedkomande skal få tilgang til banken sine data.

Strategisk risiko

Strategisk risiko er definert som risikoen for at banken ikkje skal overleve. Det kan vere fordi verdien av gjeld og eigneluter vert endra dramatisk, eller at banken misser markedsandelar.

Styret vurderer det slik at denne risikoen er liten, mellom anna på grunn av god overvaking av konkurransesituasjonen og evne til å tilpasse seg denne.

STYRING AV VERKSEMDA

Etter Norsk Anbefaling for eigarstyring og selskapsleiing er prinsippet for god eigarstyring og selskapsleiing (corporate governance) innført for næringslivet. Dette omfattar ikkje berre tilhøvet internt mellom eigarane, styret og leiinga, men også tilhøvet til andre, som tilsette, kundar, myndigheter, lokalsamfunn og forretningskontaktar.

Tysnes Sparebank er som sparebank ein sjølveigande institusjon som driv tradisjonell sparebankverksemd. Eigenkapitalen er bygd opp av dei årlege overskota gjennom 149 år. Banken har ikkje eigenkapitalbevis. Det vil då seie at det ikkje er nokon enkeltpersonar som eig banken. Det er bygdefolket og brukarane i fellesskap som har eigedomsretten til banken. Det er også desse gruppene som har styringa med banken.

Det er sparebanklova som fastset styringsstrukturen for ein sparebank.

I forstandarskapen, som er det høgaste organet i banken, er det 19 medlemer, som er valde for 4 år. Av desse er 8 valde av kommunestyret, 8 er valde av innskytarane og 3 er valde av dei tilsette.

Forstandarskapen vel styret som har som oppgåve å leie banken i samsvar med lover og vedtekter. Det er styret si oppgåve å tilsetje banksjef.

Styret er på 6 medlemer som er valde for 2 år om gongen. I tråd med Sparebanklova og nye vedtekter er heile styret i banken revisjonsutval. Ein av styremedlemene har revisorkompetanse i tråd med krav om at eit styremedlem skal ha rekneskaps- eller revisorkompetanse. Liste over kven som er med i dei styrande organa i banken, er teken inn heilt bak i årsrapporten.

Forstandarskapen vel også kontrollkomiteen på 3 medlemer, som på vegner av forstandarskapen fører tilsyn med at styret og administrasjonen driv sparebanken slik det er føresett. Ein av medlemene har juridisk utdanning i samsvar med gjeldande krav i sparebanklova § 13.

Forstandarskapen vel i tillegg ansvarleg revisor. Dette er AS.Revisjon, med statsautorisert revisor Wilhelm Forland som utøvande revisor.

Sparebankane er pålagde ei rekke kontrollmekanismar som må fylgjast. Her kan nemnast reglar om kapitaldekning, reglar om store engasjement med enkeltkundar, spesielle reglar for lån til tillitsvalde og tilsette, spesielle reglar for inhabilitet og reglar om internkontroll. I tillegg er banken pålagd fleire krav til rapportering til myndighetene.

PERSONALE, LIKESTILLING OG ARBEIDSMILJØ

Personale

Ved utgangen av 2011 var det 12 fast tilsette i banken. Desse er fordelt på 2 menn og 10 kvinner. Av desse 12 er det 5 som jobbar på deltid slik at det totalt er 11,1 årsverk. Ut over dei fast tilsette har det i 2011 vore tilsett ein vikar i til saman 1 årsverk i samband med permisjon for fast tilsett.

For lån og garantiar som er innvilga til banken sine tillits- og tenestemenn, er det spesielle og strengare reglar som gjeld, i høve til andre kundar. Dette er regulert i lov om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner § 2-15.

Dei tillitsvalde dette gjeld, er leiar i forstandarskapen, medlem av styret og kontrollkomiteen, og i tillegg kjem selskap som nokon av dei nemnde personar er ansvarleg medlem eller styremedlem i.

Pr. 31. desember 2011 var dei totale engasjement som vert regulerte av nemnde lovparagraf fordelte slik det er vist i oppsett i note 8.b.

Likestilling

Likestillingsarbeidet innan sparebanknæringa ligg langt framme, og har nådd det målet som myndighetene meiner er minimumskrav. I Tysnes Sparebank har det vore fokus på dette i fleire år, og banken si målsetjing er likestilling på alle nivå så langt det er praktisk mogleg.

Styret i banken er sett saman av 4 kvinner og 2 menn. I forstandarskapen er det 13 kvinner og 6 menn. I kontrollkomiteen er det 2 kvinner og 1 mann, og i valkomiteen er det 2 kvinner og 1 mann.

Mellan dei tilsette i banken er det litt skeiv fordeling mellom kvinner og menn, for der er det som nemnt 10 kvinner og 2 menn.

Banken har ikkje sett i verk spesielle tiltak vedkomande likestilling siste året.

Arbeidsmiljø

Etter styret si vurdering er det fysiske arbeidsmiljøet i banken godt, og styret har ikkje funne det nødvendig å setje inn spesielle tiltak på dette området. Samarbeidet mellom dei tillitsvalde og leiinga har vore positiv.

Dei tilsette hadde i 2011 tilsaman 132 fråværsdagar som skuldast eigen sjukdom. Dette utgjer 4,55% av moglege arbeidsdagar, som er 1,48 prosentpoeng høgare enn året før på 3,07%. Korttidsfråvær (under 16 dagar) er på 1,27% mot 2,36% i 2011. Fråværet skuldast ikkje sjukdom som er relatert til arbeidsmiljøet.

Det er i året ikkje registrert arbeidsuhell eller ulukker med personskade.

Banken er medlem av Tysnes Bedriftshelseteneste.

Verksemda til banken fører ikkje til ureining av det ytre miljøet. Det er gjennomført vurdering av miljøomsyn som banken kan ta i si drift i 2011.

Tysnes Sparebank har hatt kollektiv yttingsbasert pensjonsforsikring i Storebrand Livsforsikring AS fram til og med 31.12.2007. Frå og med 01.01.2008 er den yttingsbaserte pensjonsordninga lukka og erstatta av innskotsbasert pensjon i Terra for nye tilsette. Ordninga er i tråd med den nye obligatoriske tenestepensjonen som vart innført i Noreg i 2006. Dessutan har banken slutta seg til ordninga med avtalefesta førtidspensjon (AFP). Kostnadene med banken sine pensjonsordningar er vist i note 8.c.

MÅL OG STRATEGIAR

Tysnes Sparebank er og skal vere ein handlekraftig bank med nær kontakt til kundane sine. Banken ønskjer å vere det naturlege førstevalet av bank i vår region og skal gjennom ørleg og profesjonelt bankhandverk gje kundane enkel og rask tilgang til gode løysingar. Vi er framtidsretta og ein attraktiv arbeidsplass som jobbar mot å bli eit kompetansesenter i Sunnhordland innan våre fagfelt.

Som lokalbank i Sunnhordland er vi ein ressurs i lokalsamfunnet som saman med andre aktørar skal vere med å skape framtida i regionen. Vi vil aktivt satse på miljø og unge i tida som kjem.

For å oppnå denne målsetjinga, og for å sikra vårt framtidige sjølvstende, er banken medeigar i Terra-Gruppen AS, som er eit av dei største finanskonserna i landet, og er eigd av 78 små og mellomstore sparebankar plasserte over heile landet og OBOS (Oslo Bolig- og Sparelag). Gjennom dette samarbeidet kan Tysnes Sparebank tilby dei same finansielle produkt og tenester som dei store bankane kan, og til konkurransedyktige prisar. I tillegg kjem kostnadseffektivitet på felles infrastruktur.

UTSIKTENE FRAMOVER

Utviklinga i verdsøkonomien er framleis usikker. Mange land må stramme inn kraftig i sin offentlege økonomi, samstundes som hushaldningane slit med høg arbeidsløyse, låge bustadprisar, låg lønnsvekst og stigande matvarereprisar. Dette står i sterk kontrast til andre framvoksande økonomiar som har eit stor eksportoverskot og er med å skape stor internasjonal vekst. Dette får òg verknad her i Noreg. Vårt rentenivå og rammevilkåra gjennom nye regelverk vert danna ut frå internasjonale svingningar og vår evne til å tilpasse oss. For store delar av norsk næringsliv og for dei fleste privatpersonar i Noreg har 2011 vore eit godt år samanlikna med ein del andre land i Europa. I 2012 vil rentenivået mest sannsynleg ligge på eit lågt nivå. Bedriftene i utsette næringar er uroa for framtida, medan nye oljefunn gjev optimisme i alle oljerelaterte verksemder. Forbrukarane sin gjeldsvekst vert regulert av nye retningslinjer for utlån, og dette kan påverke bustadprisane i 2012.

Finansnæringa i Noreg har vist at ho er solid. Men krisa har vist at det var naudsynt med statleg hjelp i den verste perioden. Som eit resultat får næringa strengare internasjonale lover og retningsliner som vil krevje høgare soliditet. Den internasjonale nedgangskonjunkturen er ikkje over, og det er uvisst i kor stor grad dette vil påverke norsk økonomi og næringsliv i 2012. Norske og utanlandske styresmakter har sett inn store tiltakspakkar som har hatt effekt. Tiltak som no vert sett inn for å betre nasjonaløkonomien i enkelte EU land vil merkast i heile Europa.

Tysnes Sparebank har ikkje hatt problem med finansiering i 2011, og vi vil halde på strategien med høg innskotsdekning som viktigaste finansieringskjelde også i 2012.

Lokalt ser vi òg at andre endringar verkar inn på bankdrifta. Automatiseringa gjer kundane mindre avhengige av banklokalet, og nye måtar for kundekontakt pressar seg fram. Krava til styret, leiinga og dei tilsette endrar seg, samstundes som det vil verte endå meir press på rentemarginen og kostnadseffektiv drift for å vere konkurransedyktig og solid.

Tysnes Sparebank har ei lang og rik historie som vi skal ta vare på. For å sikre vidare sjølvstendig drift vil Tysnes Sparebank ta dei grep som er nødvendige for å tilpasse seg til marknaden, til behova til kundane og krav frå myndighetene til oss som bank. Som lokalbank er vi opptekne av kundane våre og av å utvikle eit langsiktig kundetilhøve basert

på tillit, lojalitet og konkuransedyktige tilbod. Engasjerte, dugande og serviceinnstilte medarbeidarar, systematisk og framtidsretta målarbeid og god soliditet vil vere med å sikre dette.


TAKK

Året som gjekk har vore eit godt og innhaldsrikt arbeidsår i Tysnes Sparebank. Styret vil takke alle tilsette og tillitsvalde for deira innsats og medverknad til ei positiv utvikling for banken i året som er gått. Me håpar og trur at den enkelte også i året som kjem vil gjere sitt beste for ei god utvikling og eit godt resultat.

Styret vil også rette ei takk til alle kundane og forretningskontaktane våre for den tiltru dei har vist oss, og for godt samarbeid i 2011, og håpar på eit like godt samarbeid i åra som kjem.

Tysnes, 2. februar 2012.


I STYRET FOR TYSNES SPAREBANK


Leif Magne Hovland


Styreleiar


Bente Raknes


Nestleiar


Merete Flakke

Merete Flakke


Britt Ersvær
(tilsette repr.)


Agnethe Brekke


Vidar Høviskeland


Sri Berggreen

Banksjef